

Retningslinjer for ordninga Stipend kultur og idrett

Retningslinjer for ordninga Stipend kultur og idrett	1
Del 1 Generelt om ordninga	1
Føremål	1
Stipendkategoriar	2
Tal stipend	2
Søknadsfrist.....	2
Krav til søknad	2
Vurdering av kandidatar	2
Bruk av stipendet.....	3
Utbetaling og rapportering	3
Klage	3
Del 2 Innretting og kriterium for dei enkelte stipendkategoriane	4
Utviklingsstipend for e-sportutøvarar.....	4
Utviklingsstipend til idrettsutøvarar	4
Stipend for levande tradisjon.....	5
Kunstnarstipend	6
Nynorskstipend	7

Del 1 Generelt om ordninga

Vurdering og tildeling av tilskot skjer i tråd med fylkeskommunale styringsdokument:

- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Kultur bygger samfunn - regional plan for kultur 2023-2035
- Rettleiar for tildeling av tilskot i Vestland fylkeskommune

Kvar tildeling skal grunngjevast med klar forankring i fylkespolitiske målsettingar. Grunngjevinga skal vere tydeleg formulert og tilgjengeleg, både internt og for allmenta.

Føremål

Ordninga Stipend kultur og idrett skal bidra til å nå måla i den regionale kulturpolitikken ved å legge til rette for at utøvarar og aktørar innan kunst, idrett og immateriell og handlingsboren kulturarv, gjennom tilskot frå Vestland fylkeskommune, kan bidra til eit nyskapande, utviklande og mangfaldig kulturliv.

Stipenda skal gje utøvarar innan kunst, idrett og immateriell og handlingsboren kulturarv høve til å utvikle sitt virke i fylket.

Stipendkategoriar

Ordninga er delt inn i følgjande stipendkategoriar

- Utviklingsstipend for e-sportutøvarar
- Utviklingsstipend for idrettsutøvarar
- Kunstnarstipend
- Stipend for levande tradisjon
- Nynorskstipend for forfattarar, dramatikarar og formidlarar

Stipenda kan berre søkast av og tildelast enkeltpersonar (ikkje grupper).

Tal stipend

Budsjettramma for ordninga pr. år avgjer tal stipend til fordeling. Tal stipend, storleik og fordeling mellom stipendkategoriane skal stå i utlysing av ordninga.

Søknadsfrist

Ordninga blir lyst ut ein gong pr. år. Dei ulike stipendkategoriane kan ha ulike søknadsfristar. Fristar vil komme fram ved utlysing.

Krav til søknad

Alle søkarar skal bruke nettbasert søknadsskjema ved innsending av søknad. Det kan visast til relevante nettlinkar og leggst ved eitt PDF-vedlegg på inntil 9 MB. Det kan lastast opp lyd- og filmfiler i tillegg, der dette er relevant.

Vurdering av kandidatar

Kandidatar til stipend blir vurdert etter desse felles kriteria. I tillegg gjeld spesielle kriterium for den enkelte stipendkategori, spesifisert i del 2.

- Det blir gjort ei skjønsmessig vurdering av søknaden opp i mot måla for ordninga.
- Det blir lagt vekt på korleis søkar presenterer seg sjølv og sitt arbeid/si satsing og korleis søkar vil nytte ein stipendperiode til utvikling/fordjuping/ fagleg påfyll.
- Det skal leggst vekt på høg kvalitet i prestasjonar, arbeidet og/eller formidling.
- Det er eit mål å stimulere til at det er høve til å leve og arbeide som kunstnar, idrettsutøvar og med immateriell og handlingsboren kulturarv i alle deler av fylket.
- Det skal prioriterast nokre stipend til søkarar i etableringsfasen og/eller under 30 år.
- Det skal vere kjønnsbalanse i tildelinga – ut frå søkarmassen som ligg føre.
- Ved prioritering av søkarar vil det bli vurdert om andre større stipendtildelingar i perioden skal ha betydning.

Søknadane blir vurdert i fagkomitear. Medlemmer i komiteane skal nemnast opp for to år av gongen. Komiteane er rådgjevande og innstiller kandidatar til stipenda. Innstillingane skal vere grunngjevne. Komitearbeidet skal bygge på god forvaltningsskikk, og forvaltningslova sine reglar om m.a. habilitet og teieplikt ligge til grunn.

Vedtak om tildeling av stipend blir gjort av direktør for kultur og folkehelse i medhald av delegert mynde på bakgrunn av innstilling frå fagkomiteane. Direktør for kultur og folkehelse er ikkje bunden av innstillingane.

Kven som oppnemner til dei ulike fagkomiteane kjem fram i del 2 av retningslinjene. Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteane.

Stipend for kultur og idrett

Type dokument: Retningslinjer

Utarbeidd av: Avdeling for kultur og folkehelse

Godkjend av: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Godkjend dato: 11.03.2026

Gjeld frå: 11.03.2026

Revidert dato: -

Arkivsak: 2024/54088-19

Side 2 av 7

Administrasjonen kan ved behov gjere endringar i kven som nemner opp til fagkomiteane for å sikre at komiteane til ei kvar tid er sett tilfredsstillande saman ut frå måla for dei ulike stipendkategoriane.

For utviklingsstipend for e-sportutøvarar og idrettsutøvarar gjer fylkeskommunen vurderingar med fagleg bistand frå Vestland E-sport og Olympiatoppen Vest.

Bruk av stipendet

Stipenda skal brukast i samsvar med søknad og vedtak om tildeling.

Utbetaling og rapportering

Stipenda blir betalt ut etter vedtak. Mottakar av stipendet sender faktura til fylkeskommunen.

Stipend som ikkje er betalt ut innan eitt år etter vedtak fell bort.

Mottakar av stipend kan ved behov søke om endra bruk av stipendet og eventuell utsett utbetaling.

Mottakar av stipend skal rapportere på bruken av stipendet innan eitt år etter vedtak om tildeling.

Rapporten skal vise korleis stipendet er nytta og kva resultat mottakaren har oppnådd.

Klage

Vedtak om tildeling av stipend er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b.

Klagefristen er tre veker og blir rekna frå den dagen du fekk skriftleg melding om vedtaket.

Del 2 Innretting og kriterium for dei enkelte stipendkategoriane

Utviklingsstipend for e-sportutøvarar

Mål med ordninga

Ordninga skal medverke til at unge og lovande e-sportutøvarar får høve til vidare utvikling og motivere til vidare satsing.

Kven kan søke

- Stipendet skal gå til ein utøvar som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar innan e-sport.
- Utøvar sjølv, trenar eller klubb kan sende inn søknad på vegne av utøvar.
- Søkaren må vere mellom 16 og 25 år og ha tilknytning til ein klubb eller eit organisert e-sportmiljø i Vestland fylke.
- Utøvarar som har større, personlege sponsoravtalar fell utanfor stipendordninga.

Ein person kan berre få stipendet ein gong.

Vurdering av kandidatar

Det blir lagt vekt på følgjande kriterium når ein vurderer søknadar:

- oppnådde resultat
- potensial
- planar for vidare satsing

Fagkomite

Vestland fylkeskommune v/ seksjon for idrett og friluftsliv og Vestlandet E-sport utgjer fagkomite.

Utviklingsstipend til idrettsutøvarar

Mål med ordninga

Ordninga skal gje mottakarane høve til å utvikle seg vidare innan den aktuelle idretten. Stipendet skal også vere ein stimulans til vidare satsing.

Kven kan søke

- utøvarar som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar innan sin idrett
- parautøvarar
- søkaren må representere ein klubb i Vestland fylke

Ein person kan berre få stipendet ein gong. Utøvarar som får toppidrettsstipend frå Olympiatoppen kan ikkje søke.

Vurdering av kandidatar

Det blir lagt vekt på følgjande kriterium når ein vurderer søknadar:

- oppnådde resultat
- potensial/planar for vidare satsing innan idrett
- aldersgruppe 16–25 år. 16–35 år for parautøvarar

Fagkomite

Vestland fylkeskommune v/ seksjon for idrett og friluftsliv og Olympiatoppen Vest utgjer fagkomite.

Stipend for kultur og idrett

Type dokument: Retningslinjer

Utarbeidd av: Avdeling for kultur og folkehelse

Godkjend av: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Godkjend dato: 11.03.2026
Gjeld frå: 11.03.2026

Revidert dato: -

Arkivsak: 2024/54088-19
Side 4 av 7

Stipend for levande tradisjon

Mål med stipendkategorien

Ordninga skal

- styrke og sikre arbeid med immateriell og handlingsboren kulturarv knytt til
 - vestnorsk byggeskikk og maritim kulturarv
 - vestnorsk folkemusikk, folkedans og folkesong
- fremje handverksfagleg utvikling knytt til tradert kunnskap gjennom
 - auka kompetanse
 - dokumentasjon
 - utøving av eldre handverkstradisjonar

Kven kan søke stipend

- profesjonelle handverkarar innan tradisjonelle handverksfag
 - tradisjonshandverkarar
 - verktøymakarar knytt til eldre handverksteknikkar
 - instrumentmakarar
- utøvarar av vestnorsk tradisjon for folkemusikk, folkedans og folkesong
- dei som arbeider med dokumentasjon og formidling av immateriell og handlingsboren vestnorsk kulturarv

Søkar må bu og ha sitt virke i Vestland. Det kan gjerast unntak for utøvarar av vestnorsk tradisjon for folkemusikk, folkedans, og folkesong når det er tenleg i høve måla for ordninga.

For handverkarar er det krav om relevant kompetanse eller erfaring.

Vurdering av kandidatar

Vurderingskriterium særskilt for tradisjonshandverkarar:

- nyttar utviklingsstipendet i samband med konkrete istandsettingstiltak på verna eller freda kulturminne
- deling av kunnskap og kompetanse med andre
- ivaretaking av truga immateriell kulturarv

Fagkomite

Det blir nemnt opp ein rådgjevande fagkomite for stipenda. Komiteen skal setjast saman av fagfolk frå utvalde organisasjonar. Det skal vere ei blanding av fagfellelvurdering og anna relevant fagleg kompetanse i komiteane.

Følgande organisasjonar blir bedd om å nemne opp medlemmer til fagkomiteen for immateriell kulturarv:

- Hardingfela.no / Ole Bull akademiet
- Sogn og Fjordane folkemusikklag / Hordaland folkemusikklag
- Sogn og Fjordane Ungdomslag / Hordaland ungdomslag
- Osafestivalen / Førde internasjonale folkemusikkfestival
- Handverkslaget - Foreningen for Tradisjonshandverk
- Fagskulen Vestland, fartøyvern og klassisk bygningshandverk og restaurering
- Hardanger fartøyvernsenter, Hardanger og Voss Museum

Fagleg samansetjing av komiteen kan variere frå år til år alt etter oppnemningar og søknadsbunke.

Stipend for kultur og idrett

Type dokument: Retningslinjer

Utarbeidd av: Avdeling for kultur og folkehelse

Godkjend av: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Godkjend dato: 11.03.2026

Gjeld frå: 11.03.2026

Revidert dato: -

Arkivsak: 2024/54088-19

Side 5 av 7

Kunstnarstipend

Mål med ordninga

Kunstnarstipenda skal gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnarlege uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk gjennom t.d. ein periode med fordjuping og / eller fagleg påfyll.

Stipend skal også gje merksemd til dei utvalde kunstnarskapa.

Kven kan søke stipend

- Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Vestland fylke.
- Det er krav om kunstfagleg utdanning eller høg realkompetanse.
- Stipendet kan berre søkast av enkeltpersonar.
- Det blir ikkje gitt støtte til personar som er under formell kunstutdanning / i ein grunnutdanningsfase.
- Om ein tidlegare har fått stipend frå Vestland fylkeskommune skal det gå minst 3 år før ein vil bli vurdert for eventuelt nytt stipend.

Ein kan søke innan desse kategoriane:

- visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)
- musikk
- scenekunst(inkl. dans)
- litteratur og film

Det blir ikkje gitt støtte direkte til instrument, materiale, utstyr ol.

Vurdering av kandidatar

Vurderingskriteria i del 1 gjeld for stipendkategorien.

Fagkomite

Det blir nemnt opp rådgevande fagkomitear for følgande kunstformer:

- visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)
- musikk
- scenekunst (inkl. dans)
- litteratur og film

Komiteane skal setjast saman av fagfolk frå utvalde kunstorganisasjonar og - institusjonar. Det skal vere ei blanding av fagfellelvurdering og anna kunstfagleg kompetanse i komiteane.

Følgande organisasjonar blir bedt om å nemne opp medlemmer til fagkomiteane for kunstnarstipend:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design):

- Bildende kunstneres forening Hordaland
- Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane
- Norske kunsthåndverkere Vest-Norge
- KODE
- Sogn og Fjordane kunstmuseum.
- Hordaland kunstsenter
- Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane

Stipend for kultur og idrett

Type dokument: Retningslinjer

Utarbeidd av: Avdeling for kultur og folkehelse

Godkjend av: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Godkjend dato: 11.03.2026
Gjeld frå: 11.03.2026

Revidert dato: -

Arkivsak: 2024/54088-19
Side 6 av 7

Musikk:

- Brak
- Vestnorsk Jazzsenter
- Bergen filharmoniske orkester
- Griegakademiet

Scenekunst (inkl. dans):

- Proscen
- BIT Teatergarasjen
- Bergen dansesenter
- Teaterfestivalen i Fjaler.

Litteratur og film:

- Norsk forfattersentrum Vestlandet
- Skrivekunstakademiet
- Tekstallianse
- Vestnorsk filmsenter (2 medlemmer)

Nynorskstipend

Mål med ordninga

Nynorskstipend skal synleggjere nynorsk både som språk og kulturberar. Stipendet skal vere med å løfte nynorsken gjennom å gje merksemd til ein kunstnar og formidlar som nyttar nynorsk i sitt virke.

Kven kan søke stipendet

- forfattarar, dramatikarar og formidlarar av nynorsk litteratur og forfattarskap i tekst og på scene
- forlag og institusjonar i kulturfeltet kan søke på vegne av kandidat. Kandidat må samtykke til søknaden
- søkar må ha tilknytning til Vestland gjennom sitt virke

Vurdering av kandidatar

- Søkaren skal gjennom sitt virke vere med å løfte og synleggjere nynorsken.
- Søkaren skal ha tilknytning til Vestland gjennom sitt virke.

Fagkomite

Det blir nemnt opp ein rådgjevande fagkomite for stipendet. Medlemmene i fagkomiteen skal ha høg fagleg kompetanse og tilknytning til etablerte kulturinstitusjonar for å sikre høg fagleg vurdering av søkarane. Samansetjinga av komiteen kan variere år for år etter innkomne søknadar.

Følgande organisasjonar kan bli bedt om å nemne opp medlemmer til fagkomiteen for nynorskstipend:

- Universitetet i Bergen, Litteraturvitskap
- Universitetet i Bergen, Griegakademiet
- Høgskulen på Vestlandet, Kunst og kultur
- Skrivekunstakademiet
- Nynorsk kultursentrum
- Teater Vestland
- Det Vestnorske Teateret

Fagkomiteen innstiller 2 kandidatar i prioritert rekkefølge til stipendet.

Stipend for kultur og idrett

Type dokument: Retningslinjer
Utarbeidd av: Avdeling for kultur og folkehelse

Godkjend av: Hovudutval for kultur, Revidert dato: -

idrett og inkludering
Godkjend dato: 11.03.2026
Gjeld frå: 11.03.2026

Arkivsak: 2024/54088-19
Side 7 av 7